



Evy Ferkingstad

Dato: 14.06.2022

FAGERTUNVEGEN 5

Dokumentnummer: 22/1187-8

4274 STOL

Deres referanse:

Saksbehandler: Åsne Klokkestuen Odéen

## Vedtak i ulovlighetssak - gnr 22 bnr 164 - Søre Ferkingstadveg 143 - Platting/terrasse og levegg/rekkverk

Kommunen viser til varsel av 12.04.2022 om pålegg om retting og tvangsmulkt.

### Vedtak om pålegg og tvangsmulkt

Karmøy kommune pålegg dykk å retta tiltaket, jf. pbl. § 32-3 innan 01.09.2022.

Karmøy kommune vedtar vidare tvangsmulkt på kr. 20.000,-, jf. pbl. § 32-5.

### Grunngjeving

Naustrekkja sjøhuset ligg i er bygd på 60-talet og ligg i A-område i kommunedelplan for kulturminner. Dette er eit område med svært høg kulturhistorisk verdi. Sjøhuset ligg vidare i område for blanda føremål i kommuneplanen. Det er ikkje lagt inn byggjegrænse mot sjø i planen, og alle tiltak utanom fasadeendring krev dermed dispensasjon frå pbl. §§ 1-6 og 1-8 jf § 19-2. Dette betyr at det skal søkjast dispensasjon for oppføring av platting/terrasse og levegg/rekkverk. Terrasse/platting og levegg/rekkverk er vidare ikkje i tråd med opprinneleg føremål og bruk av eit sjøhus.

Me kan ikkje sjå å ha funne dokumentasjon på at tiltaket er godkjent. De har heller ikkje gjeve opplysningar som endrar vår vurdering av tiltaket som eit ulovleg oppført tiltak. I tilbakemeldinga på varselet som me mottok den 18.04.2022, viser de til at det skal ha vore treplatting på sjøhusa sidan 1971. På flyfoto som er tekne av eigedomen er det ikkje platting før i 2017 og på bilete frå 1975 som ligg på [www.tidsmaskinen.no](http://www.tidsmaskinen.no) visar det ikkje platting.

De viser også til at stakeluke og stoppekran er plassert slik at det vert vanskeleg å nytte inngangsdøra til sjøhuset viss ein fjerner plattingen. Dette er ikkje eit omsyn kommunen kan leggje vekt på i vurderinga om eit tiltak er i strid med byggeforbodet i strandsona, men det er noko som kan få betyding i ein dispensasjonssøknad etter pbl § 19-2.

Storleiken på tvangsmulka er vurdert til å vera høg nok til å motivere til oppfyllelse av pålegget. Ved fastsetjing av storleiken vert det lagt vekt på at tiltaket er i strandsona og i eit område med svært høg kulturhistorisk verdi. Karmøy kommune ser det som svært viktig at tilhøvet vert retta, og vurderar at tvangsmulka ikkje er urimeleg stor, jf. pbl. § 32-10.

### **Korleis kan du rette tiltaket?**

1. De kan søka om etterfølgjande godkjenning av tiltaket. Ein eventuell søknad skal vurderast som om tiltaket ikkje er sett i gong og godkjenning kan ikkje påreknast.
2. De kan tilbakeføra tiltaket. Det vil seia å fjerne platting/terasse og rekkverk/levegg.

De er sjølv ansvarlege for å gje beskjed til kommunen når tilhøvet er retta. De må senda oss dokumentasjon som syner at det ulovlege tilhøvet er retta, innan fristen. Dokumentasjonen bør innehalde ei forklaring og foto. Når me har mottatt dokumentasjon som syner at tilhøvet er retta, kan me avslutta saka.

### **Korleis kan de unngå tvangsmulkt?**

Dersom de rettar dykk etter pålegget innan fristen 01.09.2022 slepp de å betala tvangsmulkten.

### **Det er mogleg å søkje om utsatt frist**

Dersom det er vanskeleg å retta tilhøvet innan fristen, kan de søkja om å få fristen utsett. De må i så fall grunngje søknaden og foreslå en ny, rimeleg frist.

### **Kva kan skje hvis de ikkje rettar tilhøvet?**

Dersom de ikkje rettar tilhøvet innan fristen, må de betale tvangsmulka. Me vil kunne vedta nye og høgare tvangsmulker, både som eingongsmulkt og dagmulker, dersom det ulovlege tilhøvet vedvarar.

Me kan og gje dykk eit forelegg som kan få verknad som rettskraftig dom. Et forelegg inneber at me kan tinglysa vårt krav som eit hefte på eiendommen dykkar.

### **De kan klage innan tre veker**

Fristen for å klaga på dette vedtaket er tre veker frå de mottek vedtaket. Sjå vedlagt melding om rett til å klage på forvaltningsvedtak.

### **Anvendt regelverk**

- Dykkar plikt til å søke om tiltaket er heimla i plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-1 – 20-5.
- Kommunen sin rett til å gje dykk pålegg om å rette det ulovlige forholdet er heimla i pbl. § 32-3.
- Kommunen sin rett til å vedta tvangsmulkt er heimla i pbl. § 32-5.
- Kommunen sin rett til å gje forelegg er heimla i pbl. § 32-6.
- Dykkar rett til å klage på vedtaket er heimla i forvaltningsloven § 28.

Sektor areal- og byggesak har handsama saka, jf. kommuneloven § 13-1, sjetle ledd. Det er eit administrativt vedtak, fatta etter gjeldande delegeringsreglement, vedtaksnr. 911/22.

Med hilsen

Runar Lunde  
areal- og byggesakssjef

Åsne Klokkestuen Odéen  
rådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

### **Mottaker:**

Kai Torgny Ferkingstad  
Roy Ludolf Ferkingstad

POSTBOKS 177  
STRANDAVEGEN 27F

4270

Åkrehamn

## Klagerett

Du har rett til å klage på dette vedtaket. Klageretten er omtalt i forvaltningsloven § 28.

<b>Klagefrist</b>	Klagefristen er tre uker fra den dagen du fikk dette brevet. Det er nok at klagen er sendt på e-post eller postlagt før fristen går ut. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bør du opplyse om datoen for når du mottok brevet. Dersom du klager for sent, kan vi se bort fra klagen. Du kan søke om å få lengre klagefrist. Dette må i så fall begrunnes.
<b>Innhold i klagen</b>	Du må opplyse om hvilket vedtak du klager på, grunnen til at du klager, hvilke endringer du ønsker, og eventuelt andre opplysninger som kan ha noe å si for vår vurdering av klagen. Klagen må være underskrevet.
<b>Hvem sender du klagen til?</b>	Klagen sender du på e-post til post@karmoy.kommune.no eller i brev til Karmøy kommune, Sektor areal- og byggesak, Rådhuset, postboks 167, 4291 KOPERVIK. Dersom vedtaket vårt ikke endres som følge av klagen, sender vi klagen til klageinstansen for endelig vedtak.
<b>Klageinstans</b>	Statsforvalteren er klageinstans i noen saker, og kommunens formannskap eller klageutvalg, er klageinstans i andre saker. Dersom saken går til en klageinstans, vil du få konkret beskjed om hvilken instans det er.
<b>Retten til å se dokumentene og til å kreve veiledning</b>	Med noen unntak har du rett til å se dokumentene i saken. Reglene om dette finner du i §§ 18 og 19 i forvaltningsloven. Har du behov for veiledning, ta kontakt med oss, så vil vi gi nærmere veiledning om retten til å klage, om framgangsmåten og om saksgangen ellers.
<b>Kostnadene med klagesaken</b>	Hvis vedtaket blir endret til din fordel, kan du ha krav på å få dekket større kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket, f.eks. til advokathjelp. Hvis det trengs, vil klageinstansen orientere deg om retten til å kreve å få dekket saksomkostninger. Eventuelt krav om dekning av saksomkostninger må fremmes innen tre uker etter at det nye vedtaket ble gjort kjent for deg.
<b>Klage til sivilombudsmannen</b>	Hvis du mener at du er urettferdig behandlet av den offentlige forvaltningen, kan du sende inn en klage til Sivilombudsmannen. Sivilombudsmannen kan ikke endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltningen har behandlet saken, og om det er gjort feil eller noe er forsømt. Dette gjelder ikke i saker som er avgjort av Kongen i statsråd (regjeringen). Da kan du ikke senere få saken din inn for Sivilombudsmannen.